

**Fra:** Håvard Ragnhildstveit (Havard.Ragnhildstveit@hfk.no)

**Sendt:** 04.06.2018 14:33:59

**Til:** Else-Marie Brobakke Aarø

**Kopi:**

**Emne:** SV: Saman for betre trivsel og livskvalitet for alle barn og unge - program for folkehelsearbeid i kommunane

**Vedlegg:** image001.png

Ok. Takk for svar. Det var synd. På bakgrunn av ditt svar har me ikkje søkt.

Med helsing

Håvard Ragnhildstveit  
Rektor Fusa vidaregåande skule  
Tlf. 56580903 Mobil 97061197  
epost: havragn@hfk.no



---

**Fra:** Else-Marie Brobakke Aarø

**Sendt:** 1. juni 2018 14:26

**Til:** Håvard Ragnhildstveit <Havard.Ragnhildstveit@hfk.no>

**Kopi:** Linda Farestveit <Linda.Farestveit@hfk.no>

**Emne:** VS: Saman for betre trivsel og livskvalitet for alle barn og unge - program for folkehelsearbeid i kommunane

Hei Håvard,

Kjekt at de er interesserte i det nye programmet og at de styrker arbeidet med tverrsektoriell innsats i skulen.

Vi har fått vedtak i samarbeidsorganet om at Opplæringsavdelinga kan søke opptak i program for folkehelsearbeid og vere prosjekteigar/tiltakseigar. Dette under føresetnad av samarbeid med kommune/kommunar.

No i fyrste opptak i 2018 har vi ikkje opna opp for prosjekt med vidaregåande skular/opplæringsavdelinga som tiltakseigar.

Det vil bli ei ny opptaksrunde seinare i programmet. Vi vil på nyåret starte arbeidet med å tenkje inn nye tiltak. Eg tenkjer meg ein dialog framover med Opplæringsavdelinga rundt korleis ein ev søknad knytt opp til utviklingsarbeid i vidaregåande skular bør riggast, om skulesektoren er interesserte i dette. Eller også få ei avklaring på om einskild skular kan søke som tiltakseigar i samarbeid med kommunar. Vår kontaktperson i dette arbeidet er Linda Farestveit. Set derfor Linda på kopi.

Vi etablerer også nettside knytt til programmet på Hordaland.no. Her vil vi oppdatere aktuell informasjon.

Beste helsing

Else-Marie Aarø  
Seniorrådgjevar Regionalavdelinga  
Mob: 924 79 790

---

**Fra:** Håvard Ragnhildstveit

**Sendt:** torsdag 24. mai 2018 10:09

**Til:** Else-Marie Brobakke Aarø <[Else-Marie.Brobakke.Aaro@hfk.no](mailto:Else-Marie.Brobakke.Aaro@hfk.no)>

**Kopi:** Kristine Hjartnes <[Kristine.Hjartnes@hfk.no](mailto:Kristine.Hjartnes@hfk.no)>; Gro Fjeldtvedt <[Gro.Fjeldtvedt@hfk.no](mailto:Gro.Fjeldtvedt@hfk.no)>; Haldis Gjøen Solvang <[Haldis.Solvang@hfk.no](mailto:Haldis.Solvang@hfk.no)>

**Emne:** Saman for betre trivsel og livskvalitet for alle barn og unge

Hei, og takk for sist!

Me ønskjer svært gjerne å søkja på dette, og håpar at det er mogleg.

<https://www.hordaland.no/nn-NO/folkehelse/program-for-folkehelsearbeid-i-kommunane/>

Me etablerer skulemiljøkoordinator og skulemiljøteam for neste skuleår, og styrkar det tverrfaglege arbeidet i innsatsen for å fremje barn og unge sin livskvalitet og psykiske helse.

Dette er forankra i HFK sitt styringsdokument og i våre planar og målsetjingar, og vil vera sentralt i vårt vidare arbeid. Eit tilskot til dette arbeidet ville vore til stor inspirasjon.

Me håpar at me som ein del av HFK er aktuell kandidat til å søkja.

Med helsing

Håvard Ragnhildstveit  
Rektor Fusa vidaregåande skule  
Tlf. 56580903 Mobil 97061197  
epost: [havragn@hfk.no](mailto:havragn@hfk.no)

